


Hovden grendehus:

Tysdag 03.12

Kl. 17:30: Farmageddon

Kl 19:30 : Doctor Sleep



Bykle samfunnshus:

Onsdag 04.12

Kl. 17:30 - Farmageddon

Kl. 19:30 - Ford v Ferrari

Onsdag 18.12

Kl. 19:30 - Star Wars: The Rise of Skywalker

JULEGÅVETIPS

På samfunnshuset og grendehuset har vi mange flotte bøker av lokale forfattarar for salg.

Dette er bøker du ikkje får tak i over alt, ta gjerne ein tur innom og sjå!

Kultur & fritid



BUNADSKJORTEKURS!

Bunadskjortekurs v/Malmfrid Nyborg Homme. Kurset er på 24 timar og startar opp onsdag 15.januar 2020.



Kurset vil gå over seks onsdagar frå kl 17-21. Medlemspris 40,- per time, ikkje medl. 70,-.

Bindande påmelding innan 6.januar til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail:jorgine@online.no.



Biblioteket Hovden grendehus torsdag 12/12 kl. 18-19.

Velkomen til deg som treng øve på å snakke norsk OG til deg som vil bli kjent med nye folk!

Kjenner du nokon som treng å øve på norsk?

Inviter vedkommande med deg da vel!

Arr. Biblioteket



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Det er mykje som skjer i Valle og Bykle kyrkjene i desember. Sjå kalenderen på nettsidene.


30. desember kl. 19.00

Fjellgardane kyrkje

Romjolskonsert med Inger Lise Stulien

Bill. 200 kr. / gratis under 12 år

Arr. artisten i samarbeid med Kyrkja i Bykle



LaurdagsOpent grendehus - 7. desember kl 10-15

- * Opning av pepperkakefjellbyen!
- * Juleverkstad for store og små. Kr 40 pr pers, 80 kr for heile familien.
- * Stor trampoline i gymsalen v/Hovden Aktiv - gratis for alle som vil!
- * Sal av sveler/lappar og kaffi v/elevlar frå VGS. Opent bibliotek, treningsrom, bordtennis og biljard på hemsan.



Her blir liv og røre – og julestemning, velkommen!



Arr: Kultur & fritid/Fjellgardane Husflidslag

Juleverkstad

Laurdag 7.desember kl. 11 – 14 er det juleverkstad på Hovden grendehus. Det vert filting/ullarbeid, julekort, lenker, korgar og nissar og kanskje noko meir...!

Pris kr 40,- per person/kr 80,- for familie. Barn må kome med foreldre/ein vaksen.

Arr: Fjellgardane husflidslag og Kultur og fritid

Velkommen til Seniortrim

Måndagar ,frå kl 10-11. på Bykle Samfunnshus, «Styrkerommet» Aktivitet som passer for den enkelte for å trene og halde vedlike kondisjon ,styrke og balanse. . Bruk av trimsykkel/tredemølle, ulike treningsapparat Inngang på nedsida av Samfunnshuset. Etter trimmen, frå kl 11 er Frivillegsentralen sin kafe på biblioteket open !

Ta gjerne kontakt for meir informasjon !

Frivillegsentralen v/.Merethe Egeland
Fysioterapitenesta v./Kenneth Fyhn
Pleie og Omsorg, helsefremmande tenester v/.Aud Standal Skagestad

Ei politisk jolehelsing

Kommunevalet er over, og Bykle kommune har fått eit nytt kommunestyre. Eg vil på vegne av alle kommunestyre-representantane takke for tilliten de veljarar har gitt oss.

Dei neste fire åra vil vere utfordrande, med ei stadig aukande sentralisering og mørke skyer på kraftskattehimlen. Som ordførar må eg bruke mykje tid på å tale Bykle og distriktkommunane sine saker for sentrale myndigheiter. Vi kan ikkje sitte i ro når arbeidsplassar blir flytta til byane, når samfunnskontrakten vi har med storsamfunnet om kompensasjon for neddemte areal og naturøydeleggingar er trua. Skal Bykle fortsatt ha gode tenester, legge til rette for næringsutvikling og vere ein god kommune å bu i for ung og gamal, må kursen endrast!

Vi har mykje å glede oss over i Bykle! Eit godt døme fekk vi i det siste kommunestyremøtet. Vi fekk presentert funn frå elevundersøkingar foretatt på skulane våre og resultat frå testar og eksamen. Eg følte ein stoltheit over kor dyktige elevlar og lærarar vi har, det var så flotte resultat! Så kan eg sjå ut av glasert rett opp på den nye Heimen som blir så bra! Eg gler meg til den snora skal klyppast i 2020! Slik er det i Bykle, vi har gode tenester for unge og gamle.

Eg håpar alle får ei god jol, kos dykk med jolematen og dei næraste, og ha eit godt nytt år!

Jon Rolf Næss
Ordførar

Bygdekveld på samfunnshuset

Den tradisjonelle bygdefesten i Bykle vert arrangert:



Torsdag 19.desember klokka 17.30

Vi startar med kaffi og kaker i gymsalen.

KL. 18:00 vert det som vanleg ulike programinnslag med barn og elevlar frå barnehage, kulturskule og skule.

Alle er hjarteleg velkomne!

Arr Bykle barne- og ungdomsskule, Bykle barnehage, Bykle kulturskule

Advent-samling

Sundag 15.desember kl.1600 i Fjellgardane kyrkje.



Det vert adventsamling med joleforteljing, jolegraut og noko advent-jolepynt-laging.

Alle er hjarteleg velkomne, store og små med familie!

Påmelding til Merete eller Else Gyro

Helsing Fjellgardane sundagsskule

VINTERROSEN KRISTIN MINDE

Med SIGRID B. BERG, VETLE TVEITEN HOSLEMO
OG BYKLE SØNGLAG

Bykle kyrkje
14. desember 19:00

BILL: 200. BARN UNDER 18 GRATIS. KJØPES PÅ www.bykle.no
ARRANGØR: KYRKJA I BYKLE OG BYKLE KOMMUNE



Medlemsutstilling

Bykle og Valle kunstlag inviterar til kunstutstilling for nye og gamle medlemmer over 18 år. Frå laurdag 15. februar til sundag 1. mars 2020 på Hovden Grendehus.

«Meld deg inn og meld deg på!»

Medlemskapen for 2020 kostar 200,- nkr./familiemedlemskap 250,-. Du kan setje inn summen på kontonummer: 2890 60 62978. Hugs namn.

Utstillinga er ei salsutstilling. 10% provisjon av sal gjeng til kunstlaget. Inntil 3 kunstverk per kunstnar.

Bileta må ha ferdig oppheng til vegg. Foto og storleik på kunstverk skal sendast som epost til: swahngrete@gmail.com innan 10 januar.



Bykle og Valle
KUNSTLAG



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Den neste utgåven av Byklaren kjem ut som følger:

Januar (Frist 15:12)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Rådhuset har stengt i Jol og nyttår

I joleveka 23.12 – 27.12 og nyttår 31.12—01.01 er Rådhuset i Bykle stengt.

Måndag 30.12 er det ope frå kl 09:00 — 14:00

Treningstilbodet i Badelandskjellaren

I samråd med Skigymnaset, Badeland og Sportsklubben, er det klart at treningstilbodet i badelandskjellaren blir lagt ned frå nyttår. Badeland i samarbeid med Skigymnaset er nå i ein prosess, der dei prøvar å etablere eit treningssenter for alle.

Spinning v/HSK vil fortsette på Hovden grendehus etter nyttår. Treningstilboda på Hovden grendehus, blir inntil vidare som i dag.

Helsing kultur & fritid

Meiropent bibliotek!

Biblioteket i Bykle er frå 1.desember meiropent. Det vil sei at personar over 16 år kan inngå avtale med biblioteket om tilgang til biblioteket utover vanleg opningstid. Det vil sei at du kan bruke biblioteket kvar dag mellom kl. 7 og 23.

Vi håpar at mange vil bruke dette flotte tilbodet, og ønsker deg hjarteleg velkommen innom for opplæring og for å inngå avtale.

Helsing biblioteket

BADEVAKT(ER)

Frå 1. jan. treng vi badevakt(er) til opent basseng på samfunnshuset torsdagar (e.middag/kveld).

Ta kontakt med unn.hovden@bykle.kommune.no / t. 915 60 215 om du er interessert.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 4754 Bykle
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Meg og kammeraten min har julefeber!

Julekonsert for barn i alle aldrar! Hovden grendehus, fredag 6.desember kl. 17.

Ta med deg heile familien og rock jula inn med oss :-)
Billettpris: kr 50,- per pers. Billetter kan kjøpast på Hovden grendehus eller ebillett.no.

Arr: Biblioteket/Kultur & fritid

Boksirkel

Biblioteket Hovden grendehus onsdag 4/12 kl. 19-20. Vi les boka Bienes historie av Maja Lunde. Biblioteket kan skaffe boka om du vil vere med.

Velkomen til gamle og nye medlem!



KULTUR		
Dato	Dag	Dette skjer i januar
4.	La	Laurdagsopent på Hovden grendehus kl. 10.- 15.
6.	Ma	Boksirkel, biblioteket på Hovden kl. 19.- 20.
9.	To	Språkkafé, biblioteket Hovden kl. 18.- 19.
14.	Ti	Kino - Hovden kl. 17.30 og 19.30
15.	On	Kino - Bykle kl. 17.30 og 19.30
21.	Ti	Forfatterbesøk, Tore Kvæven, Bykle samf.hus
22.	On	Kulturkafé, film frå kulturminneløype-arr. i 2009
24.	Fr	Korpsbasar, Bykle samfunnshus
28.	Ti	Kino - Hovden kl. 17.30 og 19.30
29.	On	Kino - Bykle kl. 17.30 og 19.30

Tømekalender

Restavfall: 18.12

Matavfall: 4.12, 18.12

Glas/metall, papir og plast: 4.12

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30. (men ikkje 26.12)
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

RomjulsParty for ungdom

28.12 Blir det RomjulsParty for ungdom alder 14 – 18 år frå kl 20.00 – 24.00 på Hovden grendehus, med DJ og artister.

Arrangementet er rusfritt og det vil bli tatt stikkprøver/promillekontroll.

Samarbeid med Bykle/Hovden Fritidsklubb, Hovden Alpenser og Destinasjon Hovden.

Billettsal: www.ebillett.no/hovden CC: 50,-

Spinning for nybegynnarar og deg som er nysgjerrig på kva dette er!

Har du lyst til å prøve deg på spinning, men er usikker på form og innhald? Bli med på ein «lågterskel-time» **måndagar frå kl. 17.30 til 18.10**. Det spelar inga rolle om du har erfaring frå sykling eller anna trening. Kom som du er, uansett alder, form, farge og fysikk. Det blir fengande musikk og litt svetting. Dette er trim som passar for alle. Vi legg til rette for at alle skal få ei god oppleving.

Ta med deg ei drikkeflaske og ein liten handduk.

Vi held til i rommet ved sidan av gymsalen på Bykle Samfunnshus.

Helsing Ingebjørg Dyrland og Eivind Andre Moe

Flaskeinnsamling

10. klasse skal ha flaskeinnsamling til polenturen 2020. Vi kjem rundt i Bykle (ikkje Hovden) fredag 13. desember frå kl 16. Fom. Ørnefjød tom. Bjørnarå. Sett gjerne ut posar/sekkar på trappa så henter vi. Det blir innsamling på Hovden etter nyttår.

Kan eg sitte på med deg?

For å gjere det lettare for innbyggjarane våre og reise mellom Bykle og Hovden treng vi tilgang på transport.

Er du ein av dei som kan ta ein ekstra kjøretur innimellom og syns det er hyggeleg og hjelpe andre på denne måten, så ta kontakt med Bykle Frivilligsentral. Me er svært glade for alle som kan bidra med transport eller andre tenester som kan bidra til ein enklare kvardag for folk. Vi hjelper med å formidle kontakt.

Ein stor takk til alle som i haust har vore ein del av Frivilligsentralen! Me håpar å kunne fortsetje med fleire av dei gode møteplassane du har vore med å skape for lokalsamfunnet i 2020.

Kanskje har du ein idé til eit nytt prosjekt du ynskjer å setje i gong? Alle kan vere frivillige! Menn og kvinner, studentar, pensjonistar, yrkesaktive og småbarnsforeldre. Du er velkommen!

Ta kontakt med oss i Kultur og fritid og Frivilligsentralen: Merete.Egeland@bykle.kommune.no
Hega.Jacobsen@bykle.kommune.no

www.bykle.frivilligsentral.no/ Facebook Bykle Frivilligsentral

Møte mellom mennesker

TERMINLISTE LANGRENN 2019-2020

Setesdalscup:

Dato og stad	Stilart
18.desember - Hovden	Fristil
08.januar - Bykle	Klassisk
22.januar - Brokke	Klassisk
5.februar - Bykle	Klassisk
12.februar - Brokke	Fristil
4.mars - Hovden	Fristil

Alle renn i Øvre Setesdal Cup er på onsdagar og startar 18.00. Alle deltakarar over 7 år som deltek i minst 4 renn får premie. Ein må delteke i eitt renn i Bykle, eitt i Brokke og eitt på Hovden. Det fjerde rennet er valfritt. Kvart enkelt lag står fritt for å setje aldersgrense på sine lokale renn.

Turrenn:

29.februar	Støyledalslåmi
14.mars	Sesilåmi
21.mars	Hovden Tour

Valle sparebank karusellrenn i

Bykle ljosløype:

Dato	Stilart
Onsdag 08.januar	Klassisk
Onsdag 22.januar Skimerkeprøve	Fristil
Onsdag 05.februar	Klassisk
Onsdag 19.februar Skimerkeprøve	Fristil
Onsdag 11.mars	Klassisk

Deltaking i 3 av 5 renn gjev premie. Karusellrenna startar 18.00.

Skitrening:

Det vert skitrening for alle frå 1.-10.klasse torsdagar kl 18.00. Det er Ingunn Jegteberg som skal vere trenar. Treninga startar når snøen kjem.